
Fra: Odd Sverre Hove <oshove@online.no>
Sendt: 12. oktober 2016 12:51
Til: Lillian Straumøy Brakstad
Emne: Terrasse-utviding : Tilsvar til Nabomerknad
Vedlegg: Arealkart Terrasse-utviding.pdf; Terrasseutviding sett frå aust 1.jpg;
Terrasseutviding sett frå aust 2.jpg; Terrasse-utviding sett frå vest 1.jpg

Til
Meland Kommune
Att: Lillian Straumøy Brakstad

Dykkar brev av 07/10/2016.

Eg takkar for dette høvet til å gje eit tilsvar.

1) Eg legg til grunn at dette er ei terrasseutviding der gjennomsnittshøgde over ferdig planert terreng ikkje er over 50 cm.

I tråd med dette legg eg til grunn:

- at terrasse-utvidinga mi ikkje er eit **tiltak** etter § 20-1 i plan- og bygningslova,
- at terrasseutvidinga difor ikkje er søknadspliktig, sml § 20-5,
- at reglane om avstand til nabogrensa i pbl § 29-4 heller ikkje gjeld,
- at det av desse grunnane heller ikkje eksisterer lovbestemte grenser for kor stort areal terrassen kan ha (bortsett frå det som følgjer av dei naturlege terreng-tilhøva).
- at også terrassar på gjennomsnittleg bakkenivå (= 50-cms-regelen) bør hevast opp over bakkenivået av nødvendige understøttande konstruksjonar, i mitt tilfelle: bjelker i trykkimpregnert tre. Og dertil:
- at regelen om beregning av gjennomsnittleg ferdig planert terreng i i Beregnings- og måleregane i Rettleiinga om Utnyttingsgrad § 6-2 må vera utgangspunkt for måling av terrassens høgde over gjennomsnittleg ferdig planert areal.

2) I sørkanten av terrasseområdet har eg festa nokre stolpesko i fjellet og sett opp pillarar av 2 toms * 8 toms trykkimpregnert tre. Desse stolpe-skoa er festa til fjellet langs ei line som går 130 cm frå nabogrensa i sør.

Denne plasseringa byggjer på følgjande tankegang frå mi side:

- Eg har på kvart plasseringspunkt funne enkel tilgang til **fast fjell** å festa stolpe-skoa i (dette er det praktiske hovudargumentet mitt).
- Eg legg som nevnt regelen om gjennomsnittleg ferdig planert terreng under terrassen til grunn.
- Dersom eg hadde planert heile terrenget under terrassen, tenkjer eg at terreng-tilhøva etter planeringa ville ha vore til langt større visuell sjenanse, sett frå sør. Tre-pillarar i stolpesko festa i fjell-nabbar er difor **visuelt sett** det minst sjenerande underlaget under framkanten av terrasse-utvidinga mi.

3) Eg kunne utan særleg skade for planane mine ha funne fast fjell for **alternativ** plassering

av **to av dei tre** viktigaste stolpesko-plasseringane langs ei line som ligg 150 eller 160 cm frå nabogrensa, altså ei forflytning nordover på 20-30 cm.

- Det ville ha gjeve tilnærma halvering av pillar-høgda for desse to understøttingane.
- Men på midtpunktet, der terrenget har ei grop mellom to framspringande bergnabbar, måtte eg i tilfelle truleg ha forankra den tredje stolpe-skoen i ein betongfot i stadenfor i sjølve fjellet. Og høgda ville her ha blitt berre noko lågare.
- Slik flytting vil eventuelt representera ein del meirarbeid (og ein del meir-kostnad). Men det er truleg ikkje umogeleg for meg å få til ei slik alternativ løysing.
- Eg er for så vidt ikkje uviljug til å vurdera ei slik plan-ending dersom Meland kommune skulle tilrå det.

4) Eg nemner elles at eg for eit par år sidan viste kollegaen dykkar, Reidun Lædre, ei planskisse der terrasseutvidinga var eit av dei innteikna prosjekta som eg den gongen hadde i tankane. I samtalen vår den gongen vart både eit garasjeprosjekt, eit uthusprosjekt og terrasseutvidinga nemnt, men berre på sonderande måte. Det er derimot ikkje rett at eg har karakterisert utvidingsplanen min som godkjent av kommunen. Eg ser tvert imot på utvidinga som ikkje søknadspliktig vis-a-vis kommunen.

5) Vedlagte foto vart diverre ikkje så gode som eg kunne ha ønskt. Difor legg eg også ved ei kart-skisse.

Med vennleg helsing
Odd Sverre Hove